

SMIL 2018

SØKNADSRIST 26. mars!

Føremålet med tiskotsordninga for **SMIL** (spesielle miljøtiltak i jordbruket) er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. Kommunen inviterer gardbrukarar, og andre som er søkjegode etter ordninga, til å søkje.



Søknader om tilskot til organisert beitebruk blir handsama av Fylkesmannen, landbruksavdelinga som ei eiga ordning. Det skal nyttast same skjema for tilskot til tiltak i beiteområde. Kommunen må difor ha dei i hende innan **26. mars** for å kunne sende dei vidare til Fylkesmannen saman med ein uttale innan den fristen dei set.

Tiltak som kan få støtte:

- **Planleggings- og tilretteleggingstiltak:** Tiltak som krev omfattande planlegging tilrettelegging før iverksetjing
- **Kulturlandskapstiltak:** Tiltak for å ta vare på biologisk mangfald og gammal kulturmark, vedlikehald av kulturminne, bygningar og tilrettelegging for tilgjenge i landskapet
- **Tiltak som reduserer ureining frå jordbruket:** Særskilte bygningsmessige miljøtiltak, utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, miljøplantingar og økologiske reinsetiltak

Rettleiande prisar for SMIL-tiltak:

Oppsetting av gjerde (kr/løpemeter):

Prisen kan variere avhengig av type netting, terreng, behov for rydding, transport osv.

- Vanleg nettinggjerde, ferdig oppsett (inkl. arbeid) : 80-90

Rundbalgelager

- Inngjerding/innhegning av permanente lagerplassar *) : 130 kr/lm

Restaurering av steingjerde (kr/løpemeter):

Svært varierende avhengig av tilstand.

- Restaurering av mur; høgde 120 cm og med lokal stein (inkl. arbeid) : 150

Rydding av gamal kulturmark (kr/dekar): Prisen kan variere mykje avhengig av kor tett det er med vegetasjon.

- Lett rydding - lett tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 800
- Middels tung rydding - middels tilgjengeleg areal (inkl. arbeid) : 1 500
- Tung rydding - t.d. bratt areal (inkl. arbeid) : 2 000

Døme på godkjende kostnader/prisar (kr/time)

- Eige arbeid : 200
- Arbeid med bruk av eiga motorsag : 300
- Arbeid med bruk av eigen traktor : 500

*) : Dekkjer berre kostnader til gjerde/innhegning (ikkje opparbeiding av arealet t.d.)

Søknadsskjema, kommunen sine overordna retningsliner for SMIL, rundskriv og forskrift samt anna relevant informasjon ligg på heimesidene til Stranda kommune under Næring og landbruk.

Sakshandsamar, SMIL: Inge Bjørdal

E-post: inge.bjordal@stranda.kommune.no. Tlf.: 464 11 023.